



ABO Plan og Arkitektur AS
Postboks 53
5203 OS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5428 - 14/20047

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

04.09.2014

Vedtak om oppstart av reguleringsplanarbeid og høyring av planprogram for Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn til Mongstad

Administrativt vedtak.

Vedtak

Lindås kommune vedtek i samsvar med plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-8 og 12-9 oppstart av og å leggje planprogram for detaljreguleringsplan Oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad ut på høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

1. Plangrensa vert utvida til også å omfatte næringsområde N-3 som vist i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.
2. Det skal takast inn eit punkt i planprogrammet som omhandlar tilhøvet til massehandtering innanfor planområdet og tilhøvet til arbeidet med kommunedelplan for massehandtering på Mongstad som er under oppstart.

Det vert elles vist til vurderinga i saka.

Saksutgreiing:

Multiconsult sende den 9. juli 2014 over framlegg til planprogram for reguleringsplan for oljerørledning frå Bergsvikhamn i Austrheim til Mongstad. Leidninga er siste del av ilandføringsanlegget for olje frå Johan Sverdrup feltet i Nordsjøen. Oppdragsgjevar for reguleringsplanen er Statoil Petroleum AS.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Planprogrammet omhandlar berre den delen av leidninga som går over land og dermed er omfatta av reglane i plan- og bygningslova. Igangsetting av produksjon på feltet er planlagt til 2019. Prosjektet Johan Sverdup har vald planleggingsfirmaet ABO Plan & Arkitektur AS og Multiconsult til å gjennomføra planarbeidet. Dette planprogrammet som no skal på offentleg ettersyn skal gje rammene for plan- og konsekvensutgreiingsarbeidet som skal gjennomførast før reguleringsplanen kan leggast fram til politisk handsaming. Dersom det kjem inn merknader til planprogrammet, vil kommunane vurdere endringar i planprogrammet i høve til merknadane. Det endelege planprogrammet skal fastsettast av kommunane Austrheim og Lindås. Innspel til planprogrammet skal sendast til Multiconsult AS på Nesttun. I samband med oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram vert det den 14. august 2014 arrangert eit møte med grunneigarar i området i Austrheim kommune. Arbeidet med reguleringsplan og det pågåande arbeidet med KU blir samordna slik at det som sluttprodukt vert presentert eit reguleringsframlegg med ei tilhøyrande KU.

Litt om lovverket for handsaming av planprogram:

PBL § 12-9. Behandling av planprogram for planer med vesentlige virkninger

For planer som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Forslaget skal også gjøres tilgjengelig gjennom minst én avis som er alminnelig lest på stedet og elektroniske medier. Frist for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Om Johan Sverdup prosjektet

Johan Sverdup feltet er lokalisert om lag 150 km vest for Karmøy. Samla er det antatt at petroleumsreservane på Johan Sverdup feltet som kan takast ut, svarar til mellom 1,8 og 2,9 milliardar fat oljeekvivalentar. Feltet kan forventast å starte med produksjon i 2019 og har ei forventa levetid på 50 år. Det er berre i Austrheim kommune og Lindås kommune denne leidninga vil gå på landareal. Deler av leidninga vil og gå i tunell under land og sjø i desse to kommunane.

Statoil skal på vegne av partar i Johan Sverdup lisensane planlegge, utgreie, etablere og søke om eksportløysingar for olje og gass frå Johan Sverdup feltet. Frå feltet er det planlagt ein oljeeksportørleidning til mottaksterminalen på Mongstad og ein gasseksportløysing som skal koplast på Statpipe som går til Kårstø. Begge eksportløysingane blir konsekvensutgreidd i høve til Petroleumslova. Oljeeksportløysinga mot Mongstad, som delvis går over land, skal også handsamast etter Plan- og bygningslovens føresetnader. Sidan planforslaget ikkje samsvarar med overordna plan vert det etter plan- og bygningslova krevd planprogram og KU etter forskrifta.

Feltet Johan Sverdup ligg ca. 270 km frå landtaket i Austrheim kommune. Det skal leggast eit oljerør frå Johan Sverdup til Mongstad, jfr. figur 1. Heile oljerørleidninga er om lag 280 kilometer lang. Om lag 270 km ligg i sjø, 5 km i grøft på land og 5 km i tunell under øyer og sund.

Planarbeidet og gjeldane planar der oljeleidninga Johan Sverdup skal leggjast

Lindås kommune gjennomførte saman med tiltakshavar, planleggingsfirma og Austrheim kommune oppstartmøte den 16/6-14 for «Detaljregulering Johan Sverdup oljerørleidning, Bergsvikhamn til Mongstad». Det skal detaljregulerast ein oljerørleidning med sikringszone, mellombels riggområde, anleggsområde og deponi. I store trekk vil arealbruken som vert planlagt vera i Austrheim kommune, og det er mindre område i Lindås kommune som vert berørt av tiltaket. I Lindås kommune er det kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad og reguleringsplan for Statoil industriområde som er gjeldande planar. Leidninga vil i Lindås kommune gå i tunell under Keila og vil kome ut nord for Hopsvatnet, truleg inne i området sett av til næring i Austrheim kommune. Alternativt kan leidninga kome opp i LNF-området nord

for Hopsvatnet, heilt opp mot grensa til Austrheim. Av framlegget til planavgrensing kjem det fram at ein har teke med området heilt ned til Hopsvatnet for å kunne utgreie dei moglege alternativa for framføring av leidninga. Leidninga vil gå vidare over fylkesveg 57 og over Litlås fjellet mot påkoplinga til cavernene inne på Statoil sitt område på Mongstad. I hovudtrekk vil oljeleidninga over land vera i LNF-område, men og i område avsett til næringsområde når me kjem til Kaland-Mongstad området. Endeleg plangrense for detaljreguleringa vil verta avklart i august/september, men side 7 i forslag til planprogrammet viser forslag til avgrensing av planområdet. Planprogrammet viser og korleis tunnellen og røyrleidninga skal byggjast og dimensjonane på anlegget.

Vurdering:

Administrasjonen har gått gjennom planprogrammet og vurdert dette i høve §§ 4-1 og 12-9 i plan- og bygningslova, som omhandlar krav til planprogram i forbindelse med oppstart av reguleringsplanar som er i strid med overordna planar eller har vesentlege verknader på omgjevnadene sine. Når det gjeld planprogram og konsekvensutgreiing (KU) for resten av prosjektet utanom reguleringsplanarbeidet, vert dette handsama av Olje- og energidepartementet. Det vil verte utarbeidd ein felles KU for heile leidningstraseen som også vil ta opp i seg eventuelle problemstillingar knytt til reguleringsplanen. Eventuelle tema som kjem fram i samband med høyringa av reguleringsplanen vil bli tekne inn som tema i den overordna KUen som vert utarbeidd.

Planprogrammet har etter adminstrasjonen si vurdering i det meste teke inn over seg dei viktigaste temaene som må utgreiast i det vidare planarbeidet. Tilhøve knytt til planprosess og medverknad er godt dokumentert og ein har ei grundig innføring i korleis prosessen kjem til å bli framover for både arbeidet med reguleringsplanen men også heile Johan Sverdrup prosjektet.

Når det gjeld tilhøvet til overskotsmassar som vil kome ut av prosjektet, herunder både jord- og steinmassar, har administrasjonen nokre merknader knytt til dette. På bakgrunn av at det vil bli relativt store overskot på stein som følgje av drivinga av tunellen, meiner administrasjonen at det vil vere føremålstenleg å ta med heile næringsområdet i Lindås kommune som er merkt N-3 i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad inn i planavgrensinga for reguleringsplanen. Grunnlaget for dette er at ein bør legge til rette for å sjå på eventuelle moglegheiter for å bruke overskotsmassar lokalt, og at det på sikt kan vere aktuelt å nytte desse massane som del av etablering av det framtidige næringsområdet i N-3. Det vidare reguleringsarbeidet må vurdere om ein eventuelt skal kunne deponere massar i området, om massane kan brukast som ledd i planering av området, eller om det evt ikkje skulle vere aktuelt å nytte desse massane i N-3. Tilhøve knytt til handtering av jordmassar bør også omtalast. Administrasjonen meiner uansett at ei løysing der ein får nytta mest mogleg av overskotsmassane lokalt er å føretrekke.

Administrasjonen vil også peike på at det for tida vert jobba med oppstart av ein kommunedelplan for massehandtering i Mongstadområdet. Denne planen vil kunne legge føringar for handtering av overskotsmassar i området og det er truleg at også overskotsmassane frå JoSEPP kan verte aktuelle å vurdere inn i denne planen. Dette vil i så fall skje i samarbeid med JoSEPP. Målet med planarbeidet er å finne løysingar for plassering av overskotsmassar, spesielt jordmassar, på Mongstad. Ulike deponiløysingar vil verte vurdert i planprosessen og ein vil sjå på alle aktuelle typar masse som det kan verte overskot på i området. Administrasjonen ser det som føremålstenleg at det vert teke med eit punkt knytt til dette massehandteringsprosjektet inn i planprogrammet.

Utover disse merknadane meiner administrasjonen at det er eit grundig planprogram som ligg føre og at planprogrammet med dei endringane som administrasjonen føreslår kan leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn og meldast oppstart på.

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Multiconsult

ABO Plan og Arkitektur AS

ABO Plan og Arkitektur AS

Statoil ASA

Mottakarar:

ABO Plan og Arkitektur AS

Postboks 53

5203

OS